

Spørreliste nr. 233

HOGST OG BRUK AV VED

Den som besvarer listen er innforstått med at svaret blir arkivert (anonymt) og blir brukt av forskere i dag og i fremtiden. Brukere av materialet må forplikte seg til å verne opphavspersonens og eventuelt andre personers integritet.

Skog har vore ein ressurs av stor betyding i det daglige livet for ei rekke føremål. Skog har vore nytta som bygningsmateriale, til energiforsyning og som råstoff for ulike produkt. Skogen kan ha vore privat, statlig/kommunal eller kan ha lege i allmenning.

I denne samanhengen er vi først og fremst interessert i bruk av skog til ved. Vi tar utgangspunkt i garden som eit økonomisk system, inkludert sæterdrift og ulike former for utmarksbruk. Vi er særleg interessert i bruk av skog til ved i samband med sæterdrifta, og hogst i fjellbjørkeskogen (for sætre i høgareliggende dal- og fjellstrok). Også vedhogst for bruk heime på garden eller for sal er av interesse. Opplysningar om bruk av biprodukt som bork, never og kvae er likeeins fint å få registrert.

Det er viktig at ein gjer greie for kva tidsperiode ein fortel om, i alle fall ned til nærmeste tiår.

Les gjennom heile lista før du begynner å skrive.

Arbeidsprosessen

1. Når på året vart vedhogsten gjort?
2. Kva for reiskap og utstyr vart nytta?
3. Korleis har utstyret utvikla seg?
4. Var vedhogsten manns- eller kvinnearbeid?
5. Kan du forklare arbeidsprosessen frå hogst til innbæring?
6. Korleis vart veden oppbevart?
7. Kven var med på dei ulike delane av prosessen (menn, kvinner, unge, gamle)?
8. Når vart dei ulike delane av prosessen gjort?
9. Kven var med på skogplanting (menn, kvinner, unge, gamle)?
10. Har de hatt arbeidskraft utafrå i skogbruket eller til vedhogst?
11. Kva har vore brukt som trekraft i ulike periodar?

Sjølvforsyning

12. Har de vedskog sjølv, og i så fall, kor låg han?

13. Hogg de ved hos andre, i så fall hos kven og kor låg skogen?
14. Har de kjøpt ved, i så fall hos kven og frå kva for område?
15. Kva treslag har vore nytta til ved?
16. Har de vore sjølvforsynt med ved?
17. Kor mykje ved har vore hogd for året?
18. Kor mykje ved har vore brukt heime for året?
19. Kor mykje ved har vore brukt på sætra for sesongen?
20. Viss det vart koka ost på sætra, kor mykje ved gjekk med til dette for sesongen?
Kor mange mjølkedyr (kyr og/eller geiter) var denne ostkokinga basert på?
21. Fanst det andre bruksområde for ved, og kor mykje vart i så fall brukt for sesongen?

Salsøkonomi

22. Har det vore sal av ved, og i så fall kor mykje per år?
23. Kor mykje har vedsal betydd økonomisk for garden/husstanden?
24. I kva for form vart veden seld (ferdig kløyvd el. på rot)?
25. Har avsetninga vore lokalt, i så fall til fastbuande eller til fritidsbustader, eller på ein større marknad?
26. Korleis er veden blitt transportert til mottakar?

Samfunnsøkonomi

27. Har det gått føre seg drift av vedskog i større omfang?
28. Korleis er eigedomsforholda der det har vore slik drift?
29. Har det blitt lagt noko restriksjon på bruken av skog (areal eller treslag som ikkje kunne hoggast, størrelse på tre, uttak av lauv etc.)?
30. Har det vore tilfelle av tjuvhogst?
31. Har det gått føre seg skogplanting i ditt område?

Skildring av landskapet

32. Var eigne område reservert for vedhogst?
33. Hadde desse områda spesielle namn?
34. Korleis såg landskapet ut der de tidligare dreiv vedhogst?
35. Korleis ser det same landskapet ut i dag?

Tradisjonar knytt til skog

36. Har det vore bestemte rutinar knytt til arbeidet i vedskogen?
37. Har det vore bestemte rutinar knytt til skogbruket meir generelt?
38. Har det vore reglar om kven som kan gjere kva (jfr. Tradisjonar på sjøen, kvinner i båt m.v.)?
39. Finst det tradisjonar om opptenning, fyring m.v.?

Tilleggsopplysningar

40. Har du tilleggsopplysningar som ikkje er dekt av spørsmåla ovafor, er vi takksame om dei også blir notert ned. Vi er også svært interessert i gamle bilder som kan vise hogst og bruk av ved, spesielt i seterbrukets utmark.